



HJELMELAND  
KOMMUNE

# VEDTEKTER FOR HJELMELAND UNGDOMSRÅD

Vedteke i Kommunestyret sak 028/18.

inkluderande, løysingsorientert & framtidretta



## **§ 1 Føremål**

Hjelmeland kommune skal ha eit ungdomsråd som representasjonsorgan for ungdommar i kommunen. Ungdomsrådet skal vera partipolitisk uavhengig.

Ungdomsrådet sitt føremål er å vera dei unge sitt organ for å betra vilkåra sine i Hjelmeland. Rådet skal skapa engasjement for saker som gjeld dei unge og stimulera til politisk engasjement.

## **§ 2 Målsetting og arbeidsoppgåver**

Ungdomsrådet sine målsettingar er å:

- arbeida for å få unge til å trivast i eiga bygd og kommune
- skapa identitet til eiga bygd og kommunen
- søkja kontakt med andre ungdommar i kommunen om oppgåver og utfordringar

Ungdomsrådet har som arbeidsoppgåver å:

- planlegga og gjennomføra aktivitetar retta mot ungdom
- førebu seg til å møta i politiske utval når det er aktuelle saker til behandling der
- ta initiativ til aktuelle ungdomssaker
- marknadsføra ungdomsrådet og arbeidet der

## **§ 3 Rådssamansetting**

Ungdomsrådet skal ha 7 medlemmer og 2 varamedlemmer. 3 av medlemmane skal vera frå ungdomsskulen (8. til 10. klasse). 4 medlemmer skal vera eldre, men kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet. Det skal vera eit varamedlem frå kvar gruppe.

Begge kjønn bør vera representerte med minst 40%.

## **§ 4 Val av medlemmer**

Kommunestyret i Hjelmeland oppnemner sjølv medlemmane i ungdomsrådet. Det skal oppnemnast leiar og nestleiar blant medlemmane. I forkant av sak om oppnemning skal det leggst til rette for at ungdommane kan nominera medlemmer til rådet..

Medlemmer frå ungdomsskulen veljast for eitt år om gangen. Dei 4 andre, samt tilhøyrande vara, vert valde for 2 år.

## **§ 5 Møte og talerett i politiske utval**

To representantar frå ungdomsrådet har møte- og talerett i formannskapet, areal- og forvaltningsutvalet og Kommunestyret når saker som gjeld ungdom skal behandlast.

## **§ 6 Møte**

Ungdomsrådet skal ha møte minst 4 gonger i året. Leiaren har ansvar for at det vert kalla inn. Dersom minst 1/3 av medlemmane krev det, skal det kallast inn til møte.

Rådet er vedtaksført når minst 4 av medlemmane er til stades.

Det skal førast møtebok for rådet. Denne skal lesast opp og godkjennast før møtet vert heva, eller tas opp til behandling og godkjenning i neste møte.

### **§ 7 Møtegodtgjersle**

Leiar, faste medlemmer og møtande varamedlemmer får møtegodtgjersle i samsvar med kommunen sitt reglement for godtgjersle til folkevalde.

### **§ 8 Sekretærfunksjonen**

Sekretariat for ungdomsrådet vert lagt til rådmannen sin stab. Det skal til ei kvar tid vera oppnemnd sekretær for rådet.

### **§ 9 Årsmelding**

Ungdomsrådet skal ved utgangen av kvart år utarbeide ei kort melding til kommunestyret om si verksemd.